

Tiltaksplan

Lom Nasjonalparklandsby

2011



Foto : Rita Birkeland

Innhold

1.1	Innleiing	2
1.2	Tiltaksbeskriving	2
1.2.1	Informasjon	2
1.2.2	Omdømebygging og profilering	4
1.2.3	Stadutvikling og tilrettelegging	5
1.2.4	Kompetanse og nettverk	5
1.3	Organisering.....	6
1.4	Alternative disponeringar	6
1.5	Finansieringsplan	7
1.6	Vedlegg 1	8
	Prosjektbeskriving – Naturstig for born i Presthaugen	8

Tiltaksplan Lom Nasjonalparklandsby 2011

1.1 INNLEIING

I Lom nasjonalparklandsby ynskjer me på best mogleg måte å legge til rette for bruk av nasjonalparklandsbyen og naturen kring nasjonalparklandsbyen, i nasjonalparkane. Dette har gjeve seg utslag i ei stor satsing på opprusting av turstignettverket kring nasjonalparklandsbyen, supplert med informasjonstavler og turstighbrosjyre. Fleire tilretteleggingstiltak i nasjonalparklandsbyen med bord, benkar, kvilepunkt, blomstrar, skilting og andre forskjønningstiltak har vorte realiserte og fleire er i kjømda. Det vert også jobba med eit tilretteleggingsprosjekt for fiske på Skim.

Gjennom det kommunale småsamfunnsprosjektet Liv i Lom satsar Lom kommune også sterkt på å vidareutvikle Lom nasjonalparklandsby. Dei viktigaste tiltaka som vert drive gjennom Liv i Lom for nasjonalparklandsbyprosjektet er vertskapskurs med nasjonalparklandsby vri, feiring av landsbydag samt fleire informasjons og profileringstiltak.

I arbeidet med denne tiltaksplanen for 2011 har landsbykoordinator jobba tett med leiar av styringsgruppa og leiar av landsbyrådet. I 2011 ynskjer me no å fokusere på informasjon og omdømearbeid gjennom tiltak retta mot både fastbuande og besøkjande, for å auke kunnskapsnivået om nasjonalparkane og naturarven. I tillegg vil me satse på tilretteleggingstiltak som landsbysyklar og zip-line/ tyrolertravers som er spesielt retta mot tilreisande og turistar, slike tiltak vil representere ein meirverdi for den lokale reiselivsnæringa, samt stimulere til å få dei tilreisande ut i naturen.

Meir informasjon om kva som skjer i Lom nasjonalparklandsby på www.lom.no

1.2 TILTAKSBESKRIVING

Tiltaksplan for nytting av midlar frå verdiskapingsprogrammet for naturarven i Lom nasjonalparklandsby er utarbeidd og vil bli fylgd opp av landsbyrådet i samarbeid med landsbykoordinator. For 2011 er fylgjande 10 tiltak prioriterte.

1.2.1 INFORMASJON

Informasjonstiltak Lom nasjonalparklandsby

Tiltak som er planlagde i 2011 er: revidering og forbedring av turstig og Bergomsrunde-brosjyre, samt oppsetting av fleire informasjonstavler med turstigkart og informasjon om Bergomsrunden.

Til høgre: informasjonstavle med turstigkart midt i Lom nasjonalparklandsby.





Til venstre: døme på kreativt informasjonstiltak, tablå i Lom nasjonalparklandsby, under opninga av Breheimen nasjonalpark.

Nasjonalparkmagasin

For Lom nasjonalparklandsby er det særst viktig å nå ut til folk med informasjon om dei tre nasjonalparkane i kommunen. Dette for å bidra til å skape eit positivt syn på vernet, samt informere om verneformål og kvalitetar. Slik kan ein stimulere til at folk ser moglegheitene knytt til nasjonalparkane dei har i kommunen.

I denne samanheng ynskjer ein i samarbeid med blant anna Norsk Fjellmuseum å lage eit nasjonalparkmagasin som skal sendast ut med lokalavisa til alle innbyggjarane i Lom, Skjåk og Vågå. Ein ser på dette som eit viktig tiltak innafor det haldningsskapande arbeidet

Naturstig for born i Presthaugen

Prosjektet med å etablere ein naturstig i Presthaugen for born har som hovudmål å formidle kunnskap om dyra i nasjonalparkane, på ein interessant og spennande måte. Start og slutt punkt, samt administrasjon vert lagt til Norsk Fjellmuseum/nasjonalparksenter

Dette tiltaket kan også komme inn under næringsutvikling, fordi ein her vil skape eit produkt som lokale aktivitetsselskap i samarbeide med Norsk Fjellmuseum kan tilby sine kundar.

Ein ser for seg å nytte attkjennelege element frå naturstigen på to leikeområde i sentrum, slik at desse vil fungere som reklame for naturstigen og trekke fleire familiar mot startpunktet på Norsk Fjellmuseum (sjå eige avsnitt om leikesatellittar). Det føreligg også planar om å etter kvart "utvide" naturstig prosjektet ved å lage klassesett tilpassa barneskulen der tema og materiell frå naturstigen går att.

Sjå vedlegg 1

1.2.2 OMDØMEBYGGING OG PROFILERING

Landsbysyklar

Det skal kjøpast inn sykklar til bruk for besøkjande i og rundt nasjonalparklandsbyen, syklane skal profilerast med nasjonalparklandsbymerker. Det vert inngått eit samarbeid med Norsk Fjellmuseum (nasjonalparksenter) om utleige og administrasjon av syklane. Tiltaket vil vere med å gjere nasjonalparklandsby kjent ved nasjonalparklandsbylogo og anna profilering på syklane. Tiltaket vil også bidra til at besøkjande lettare kjem seg ut i naturen kring nasjonalparklandsbyen, då fleire startpunkt for turmål vert lettare å nå frå sentrum med sykkel. Tiltaket vil representere ein meirverdi for reiselivsnæringa ved at ein aukar aktivitetstilbodet for besøkjande i nasjonalparklandsbyen.

Regionkontoret for Nord-Gudbrandsdalen driv i skrivande stund og organiserer ei regional sykkelratsing i vårt område. Det skal lagast felles sykkelkart og ruter for dei seks norddals kommunane. Sidan det ikkje finst moglegheiter for å leige sykklar i eller i nærleiken av nasjonalparklandsbyen, set no landsbyrådet i gang ei prøveordning med utleige frå Norsk Fjellmuseum.

Nasjonalparkinformasjon i bedrifter

Som eit ledd i arbeidet med å spreie informasjon om nasjonalparkane og nasjonalparklandsbyprosjektet, ynskjer ein å lage eit opplegg for å få slik informasjon ut i bedriftene. Aktuelle bedrifter vil være bedrifter med kundekontakt, butikkar, kafear, overnattingsstader og andre verksemder med resepsjonar.

Det vert laga ei informasjonspakke med informasjonsmateriell, bedriftene kan velje ut ulike element dei ynskjer frå denne informasjonspakka. Det vert til dømes produsert "roll-ups", plakatar, og stativ med brosjyrar, informasjonsmateriellet skal plasserast lett synleg ute i bedriftene. Det er og aktuelt å kjøpe inn bokpakker beståande av bøker om nasjonalparkane. På denne måten vert informasjon om nasjonalparkane bli formidla effektivt ut til besøkjande i dei ulike bedriftene.

Landsbydag 14. mai

Landsbyrådet ynskjer å arrangere ein landsbydag for å setje fokus og skape blest og engasjement rundt arbeidet med nasjonalparklandsbyprosjektet. Tanken er også at medlemmene i landsbyrådet skal være delaktige og synlege under heile dagen, slik at folk har moglegheit til å ta kontakt og kome med synspunkt rundt prosjektet på ein meir uformell arena.

Program for dagen

11.00 - Guida tur på Tidsaksen med Torgeir T. Garmo – Oppmøte Fossheim steinsenter

11.00 - Guida tur langs Bordvassvegen, gamal vassveg brukt for å føre fram vatnarvatn fram til gardar– Oppmøte Norsk Fjellmuseum

13.00 - Kaffi og noko attåt for turfylgja på Fjellmuseet, vaksne som fylgjer born på dukketeater er også hjarteleg velkomne til kaffistunda.

13.00 – Dukketeater "Ut av isen" – Norsk Fjellmuseum

12.00-15.00 Travers over Prestfossen

17.00 – Foredrag "Mot alle Odds" med Jarle Trå, på Norsk Fjellmuseum med servering

1.2.3 STADUTVIKLING OG TILRETTELEGGING

Tilrettelegging for "Zip-line" i nasjonalparklandsbyen

Tilrettelegging av stig frå parkeringsplassen ved Fjellmuseet ned til start plating for "Zip-line" / tyrolertravers, samt opparbeiding av startplating. Dette for å gjere det enklare for aktivitetsverksemdene å drive ein aktivitet som skapar liv og røre i nasjonalparklandsbyen.

Dette er eit tiltak som landsbyrådet i Lom nasjonalparklandsby ynskjer å prioritere, sidan det er eit tilretteleggingstiltak for auka næringsaktivitet i nasjonalparklandsbyen.



Leikesatellittar i sentrum – knytt til natur og dyreliv i nasjonalparkane

Lom nasjonalparklandsby manglar gode aktivitetsmoglegheiter for små born. Tilbodet manglar både for tilreisande og fastbuande. Samstundes er det eit hovudmål for nasjonalparklandsbyprosjektet å drive informasjon om nasjonalparkane og verdeverdiane tilknytt parkane, overfor alle grupper og aldrar. Difor ynskjer ein i samarbeid med Norsk Fjellmuseum/Nasjonalparksenter å setje i gang fleire informasjonstiltak retta spesielt mot born. Tiltaka baserer seg på informasjon/lærdom om dyra og livet i nasjonalparkane. Som nemnt ynskjer ein å etablere ein naturstig i Presthaugen og lage skuletilbod knytt til denne. Vidare ynskjer ein altså å samt etablere små leikeområde i sentrum med fokus på same informasjonen som i naturstigen.

Leikeområda skal fungere som appetittvekkjarar/reklame for naturstigen i Presthaugen, dei vil og fungere som sjølvståande informasjons/læringspunkt, samstundes som dei vil være kjærkomne aktivitetstilbod for born i sentrum.

Tanken er å nytte element frå naturstigen som skal etablerast i Presthaugen, med dyr i naturtru storleik kombinert med leikeapparat, og noko informasjon om dyra i og rundt nasjonalparkane retta mot born

1.2.4 KOMPETANSE OG NETTVERK

Deltaking nettverkssamlingar Verdiskapingsprogrammet for naturarven

Lokale representantar i den nasjonale styringsgruppa og arbeidsgruppa i nasjonalparklandsbynettverket, vil delta på dei to årlege nettverkssamlingane til verdiskapingsprogrammet for naturarven.

1.3 ORGANISERING

I Lom nasjonalparklandsby er det styringsgruppa (formannskapet) som er øvste formelle organ, og dei har økonomisk mynde og vedtek framdrifts/tiltaksplanar. Landsbyrådet og landsbykoordinator samarbeider tett for å kome fram til gode tiltak i nasjonalparklandsbyen samt sikre gjennomføring.

1.4 ALTERNATIVE DISPONERINGAR

Dersom eitt eller fleire av dei prioriterte tiltaka i tiltaksplanen for 2011 skulle vise seg å ikkje være mogleg å gjennomføre, eller ein har disponible midlar, vil landsbyrådet, landsbykoordinator og styringsgruppa måtte gjennomføre ein prosess kor ein arbeider fram nye forslag til tiltak.

1.5 FINANSIERINGSPLAN

Tiltak	Gjennomføring	Sum kostnad	VSP	Lom kommune		Andre	merknader
				Midlar	Eigeninnsats		
Informasjon							
Informasjonstiltak Lom nasjonalparklandsby	LK	100 000	30 000	70 000			
Nasjonalparkmagasin	LK/NPS	100 000	50 000	25 000		25 000	Arbeidsinnsats NFM og SNO
Naturstig for born i Presthaugen	eigen PL/NPS	150 000	75 000	50 000		25 000	
Omdømmebygging og profilering							
Landsbydag 14. mai	LK/LR	40 000	15 000	25 000			
Nasjonalparkinformasjon i bedrifter		300 000	150 000	150 000			
Landsbysyklar Lom NPL	LK/NPS	90 000	45 000	45000			
Stadutvikling og tilrettelegging							
Tilrettelegging Zipline Lom NPL	LK/PI	40 000	20 000			20 000	
Aktivitets satelittar i sentrum med natur informasjon	LK/LR	300 000	135 000	80 000		85 000	
Kompetanse og nettverk							
Deltaking nettverkssamlingar VSP	LK						Fells pott til nettverket
Administrasjon og prosjektdrift							
Prosjektleiing/kooordinering, alle tiltak sekreteriat landsbyråd	LK	100 000	50 000		50 000		Utanfor ordinære tilskot
Totalt		1 220 000	570 000	445 000		155 000	

LK - Landsbykoordinator

NPS- Nasjonalparksenter, Norsk Fjellmuseum

LR- Landsbyrådet

eigen PL- eigen prosjektleiar

PI - private initiativtakarar

VEDLEGG 1

PROSJEKTBEKRIVING – NATURSTIG FOR BORN I PRESTHAUGEN

I Lom er det få aktivitetar for barn, og i tillegg har det vorte ytra eit ynskje om å trekkje fleire folk til Presthaugen, og Nasjonalparksenteret/Norsk Fjellmuseum.

Med utgangspunkt i dette har det blitt utarbeida eit forslag til ein Naturstig i Presthaugen, der dyr og fuglar i Lom og nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen skal vere tema.



Beskriving av Naturstigen

Målgruppe: Barn i alderen 4 – 12 år

Språk: Norsk, engelsk og tysk

Naturstigen startar ved Norsk Fjellmuseum i Lom (trappa bak huset), og følgjer stigen som går i utkanten av Presthaugen heile runda, heilt ned til inngangsporten.

På denne runda skal ulike dyr og fuglar som lev i Lom og nasjonalparkane vere plassert rundt ikring på naturlege stadar. Til dømes vil ekorna kanskje sitje oppi eit tre, medan elgen kanskje kan stå gøymt i eit skogkratt.

Dyra og fuglane blir laga i tre og måla i dei fargene dei har i verkelegheita.

Kvart dyr/fugl vil ha ei orienteringsklype (stifteklemme) hengjande i nærleiken, slik at borne ”stemplar innom” kvar post.

Brosjyrar med kart over Presthaugen og gåter, namn eller bilete av dyra/fuglane (orienteringsark), kan t.d. hentast på turistinformatjonen på nasjonalparksenteret.

Dei yngste (ca 4-6 år) kan få brosjyre med bilete av dei ulike dyra.

Ungar i alderen 6-7 år (ca) kan hente seg brosjyre med namn på dyra, medan dei eldre hentar seg brosjyre med gåter.

Gåtene kan variere frå enkle til vanskelege - heilt ettersom kva for kunnskap ungane har frå før. Ved kvar enkelt gåte/namn/bilete skal det vere plass til å klyppe inn symbolet til det enkelte dyr.

Bileta/namna/gåtene skal ikkje stå i same rekkjefylgje som dyra/fuglane er utplassert. Dette gjer at ungane må tenkje seg til kva for dyr/fugl som passar til den enkelte gåta, namnet eller biletet.

Når orienteringsarka er ferdig utfylt, går turen attende til Turistinformasjonen, der dei unge kan få sjå fasit og få utdelt diplom for å ha gjennomført turen.

Poenget med diploma er at ungane skal kunne ha noko å vise fram til klassekameratar, lærarar og andre personar som betyr noko for dei. I tillegg til at ungane set pris på å få ein premie, får vi litt "gratis marknadsføring."

Det er viktig at naturstigen ikkje øydelegg for sjølve opplevinga av å gå i bygdemuseet. Plasseringa av dyra skal derfor avklarast med Gudbrandsdalsmuseet.

Dyra vil vere "mobile" og kan flyttast når det er nødvendig. Det vil seie at dei også kan nyttast andre stadar enn i Presthaugen. Til dømes på Nonshaug eller langs Bordvassvegen.

Om det er ønskeleg med guida turar, vil gjerne Natur Opplevingar AS vere ein tilbydar av denne tenesta. Dette utelukkar ikkje andre aktivitetsselskap som ynskjer å gjere det same. Men prisen må i så fall avklarast på førehand, slik at det ikkje vert for store sprik.

Mål med Naturstigen

Mål 1

Formidle kunnskap om dyra i nasjonalparkane, på ein interessant og spennande måte.

Mål 2

Trekkje fleire folk, og gjere Presthaugen meir attraktiv for ei større kundegruppe.

Mål 3

Trekkje fleire folk til Norsk Fjellmuseum og Nasjonalparkseter, ved å ha start og mål på naturstigen der - og ved å knyte Jotunheimen-utstillinga, dukketeateret og naturstigen saman.

Kven kan bruke Naturstigen i Presthaugen

1. Turistar
2. Lokale
3. Barnehagane og Barneskulane i området kan nytte naturstigen i undervisningssamanheng. Dette med tanke på å vere ute i fysisk aktivitet og lære om dyr, fuglar og språk (om ein brukar dei framandspråklege brosjyrane).

Organisering

Ansvar:

Norsk Fjellmuseum og Nasjonalparksenter v/dagleg leiar, Mai Bakken.

Prosjektgruppe:

Kristine Sørli (Norsk Fjellmuseum og Nasjonalparksenter)

Mai Bakken (Nasjonalparklandsbyrådet)

Gry Bystøl (Lom Kommune)

Jan Valbjørsløkken (handverkar)

Rønnaug Nyrnes (Jotunheimen Reiseliv AS og Natur Opplevingar AS)

Prosjektleiar: Rønnaug Nyrnes

Drift og vidareutvikling

For å kunne tene inn pengar til vidareutvikling og vedlikehald av Naturstigen bør ein vurdere om ein skal selje gåtene/bileta/namna som ein "billett" til naturstigen. Ein kan også lage små hefter med fakta om dei ulike dyra som ein kan selje.

Med tanke på vidareutvikling av naturstigen kan ein:

- tilføre fleire dyr
- lage nye gåter
- bruke dyrespor
- kjøpe inn kikkertar som kan nyttast i leitinga etter dyra/fuglane
- setje opp fleire naturstigar – og knyte dei saman i ei pakke